

Over 20.000 kroner inne før basaren

29.03.2009



Sølvi Tvedt er busett i Bergen, men kom med gevinstar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Allereie før den tradisjonelle skulemusikk-basaren vart avvikla i Helgheim sundag ettermiddag var godt over 20.00 kroner sikra gjennom ihuga førehands-sal av lodd.

Det endelege resultat blir ikkje klårt før etter oppteljinga måndag føremiddag. Ifor vart det 37.000 og rekorden er over 40.000 i dette som er den største inntektskjelda til korpset saman med bingoen.



Kultursjef Kristian Bringedal bukka djupt og ærbødig då han overrekte medaljar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det gjev ein pekepinn om et svært godt resultat at nærare 100 trossa det fantastiske ververet og kom på basaren.

Som tradisjonen tilseier vart han opna med ein knapp halvtimes konsert der dei unge musikantane fekk visa at dei har rykka opp minst ein divisjon i den seinare tid.



Basarleiar Thor Inge Døssland takkar ein dyktig basarkomite, her representert ved Svanhild Haugland og Gro Hjelmeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ein imponerande musikalsk spennvidde i mini-konserten, som opna med 'Aurelia' og 'Eventide', mellomlanda på rocka tonar av Stevie Wonder og spesialversjon av 'Blåmann' og enda med afrikanske 'Foundation' og marsjen 'St. Thomas'. Foiramlinga gav uttrykk for sin fagnad med ein lang trampeklapp. I 'Blåmann' spela to solo på flygelhorn - det var Vilde Vestbø Skåle frå Rosendal og Kaja Døssland frå Uskedalen. Neste høgdepunkt var då kultursjef Kristian Bringedal overrekte medaljar til åtte av musikantane: Lars Andres

Sæbø, Bente Halvorsen og Kathrine Yri Røssland fekk treårsmedaljen, Andrea Haugland Lunde, Marita Kjærland og Kaja Døssland femårsmedaljen og Birgitte Hjelmeland og Vegard Døssland sjuårsmedaljen. Kultursjefen sa at medaljetildelinga speglar staheit og uthaldenheit og utan slike eigenskapar ville det ha vore smått stell med kulturlivet i Kvinnherad,

Basarnemnda som hadde Gro Hjelmeland, Cathrine Haugland, Svanhild Haugland og Anne Jorunn Kjærland som medlemer kunne ikkje få fullrost dn store skaren av glade gjevarar. Også folk som korkje er foreldre eller slektningar av medlemmene i skulemusikken hadde vore rause med gevinstane. Dei roste spesielt Sølvi Tvedt, som bur i Bergen og flytta frå Uskedalen allereie i 1981. Ikkje desto mindre hadde ho gjeve resultatet av stor innsats med strikking og toving som gevinstar til basaren etter å ha lese om han på uskedalen.no. Og ho var sjølv til stades!

Alle verksemder i Uskedalen hadde gjeve gevinstar til basaren. Også handelsverksemder både på Husnes og i Rosendal hadde vore rause med gevinstar.

Basarleiar Thor Inge Døssland hadde spesielt ei viktig påminning mot slutten: Slutt opp om Grasrotandelen til Norsk Tipping! Det kostar ingenting men betyr mykje for til dømes skulemusikken, som førebels er siktat 3.349 kroner på denne måten. Grasrotandelen kan bli ei ny stor inntektskjelde til viktige føremål, som til dømes skulekorpsa.

Av Ola Matti Mathisen



Helgheim var fylt under skulemusikkbasaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)